



Arkivnr: 2016/5155-1

Saksbehandlar: Jørn Oftedal og Ronny B. Skaar

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling		08.06.2016

Fordeling av prosjektmidlar folkemusikk - budsjettpost 400.735

Samandrag

Fylkestinget vedtok i samband med budsjetthandsaminga i desember 2015 å setta av kr 400.000 til prosjektmidlar folkemusikk (post 400.735). I denne saka kjem fylkesrådmannen med framlegg om disponering av desse midlane.

Ei satsing på tradisjonsuttrykk og hardingfela er, slik fylkesrådmannen ser det, i samsvar med Hordaland fylkeskommune si fylkesmusikarordning og fleire av tiltaka i regional plan for kultur. Hardingfela.no er eit samarbeidsprosjekt mellom Ole Bull Akademiet og Hardanger og Voss museum. Tiltaket, med forprosjekt og hovudprosjekt, har tidlegare fått utviklingsmidlar frå Hordaland fylkeskommune.

Samarbeidet i Hardingfela.no blir leia av eit felles råd. Rådet er Hardingfela.no sitt øvste faglege organ. Rådet skal ha møter etter behov, og minst fire gonger i året. Rådet blir leia av ein av partane på omgang med skifte kvart anna år.

Ei vidare satsing på Hardingfela.no vil etter fylkesrådmannen si vurdering syte for ei meir heilskapleg satsing, og effektiv organisering av satsinga på folkemusikk, dans og handverkstradisjonar. Samstundes vil ein gjennom styrking av Hardingfela.no sikre at tradisjonane får gode og nyskapande rammevilkår i åra som kjem. Fylkesrådmannen ser det derfor som føremålstenleg at kr 300.000 av dei løyvde midlane over post 400.735 vert tildelt som driftsstøtte til Hardingfela.no

Fylkesrådmannen ønskjer med framlegget å styrke og sikre satsinga på materiell og immateriell kulturarv, som ei vidareføring av den satsinga Hordaland fylkeskommune har hatt for folkemusikken gjennom etablering av folkemusikkgruppa i 1991.

I dei seinare år har framveksten av unge lovande utøvarar inne tradisjonsmusikk og dans vore god. Det er likevel trøng for å stimulera og understøtta denne tilveksten. Fylkesrådmannen ønskjer derfor å nytte kr 100.000 av dei avsette midlane til stipend. Fordeling av stipenda vert føreslått som følgjande: eitt folkemusikkstipend på kr 50.000 og to stipend à kr 25.000 øyremerkt unge utøvarar

Forslag til vedtak

1. Utval for kultur, idrett og regional utvikling løyver kr 300.000 frå post 400.735 «prosjekt innan folkemusikk» i driftsstønad til Hardingfela.no for 2016.
2. Kr. 100.000,- vert sett av til stipend innan tradisjonsinstrument, vokal tradisjonsmusikk og folkedans.

3. Stipend kan tildelast profesjonell utøvar busett i Hordaland. Det vert ikkje gitt støtte til personar som er under formell utdanning.
4. Stipenda vert fordelt slik:
 - a. eitt folkemusikkstipend på kr 50.000
 - b. to stipend á kr 25.000 til unge utøvarar innan tradisjonsinstrument, vokal tradisjonsmusikk og folkedans
5. Stipenda vert tildelt ein gong årleg.
6. Rådet for Hardingfela.no vert rådgjevande fagkomité for stipenda og innstiller til fylkesrådmannen på grunnlag av ei skjønnsmessig vurdering basert på kunstnarleg aktivitet og kvalitet.
7. Utval for kultur, idrett og regional utvikling fattar vedtak om tildeling av stipend.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektør kultur og idrett

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Fylkesrådmannen, 24.05.2016

Fylkestinget vedtok i samband med budsjettahandsaminga for 2016 å løyva kr 400.000 til prosjektmidlar folkemusikk (post 400.735). I denne saka kjem fylkesrådmannen med framlegg om disponering av desse midlane.

Kulturpolitisk bakgrunn

I 1991 etablerte Hordaland fylkeskommune Folkemusikkgruppa i Hordaland. Gruppa vart etablert etter politisk vedtak i Fylkestinget 19. juni 1991. Målet var todelt: 1) føre vidare folkemusikktradisjonane i fylket til nye utøvargenerasjonar og 2) gje flest mogleg av innbyggjarane i fylket høve til å oppleve folkemusikk på høgt nivå. Ordninga med fylkeskommunalt tilsette folkemusikkarar vart etablert i nært samarbeid med mellom anna Hordaland folkemusikklag, Ole Bull Akademiet, Arne Bjørndal-samlinga ved Universitetet i Bergen og Spelemannslaga i fylket. Våren 1991 vart det lyst ut fire stillingar (100%) tre for hardingfele og ein stilling innan vokal folkemusikk.

Folkemusikkgruppa i Hordaland består i dag av to stillingar (100%) – Ein utøvar innan vokal folkemusikk og ein utøvar på hardingfele. Sistnemnde har 50 % av stillinga knytt til Hardanger og Voss museum, og vil kunna arbeida utfyllande i høve til Hardingfela.no.

Hardingfela.no

I 2011 fekk Hardanger og Voss museum 425 000 kroner frå Kulturelt Utviklingsprogram til eit forprosjekt om hardingfelesenter og ivaretaking av hardingfeletradisjonar. Forprosjektrapporten har tittelen «Hardingfelesenteret. Styrking og vidareføring av ein tradisjon». I 2013 fekk Hardanger og Voss museum 300 000 kroner frå museumsplanmidlane til vidare utgreiing om Hardingfelesenter. Etablering av eit slikt senter var eit av tiltaka i regional plan for museum 2011-2015. Museumsplanen vart til etter ein lang prosess med mange innspel. Etablering av hardingfelesenter var eit av ni prioriterte tiltak. I *Premiss: Kultur regional plan for kultur 2015-2025* er immateriell kulturarv og tradisjonsuttrykk viktige satsingsområde.

Ein har i løpet av prosjektperioden gått frå ideen om eit senter for hardingfele til eit tett samarbeid mellom dei to institusjonane Hardanger og Voss museum og Ole Bull Akademiet, der dei to institusjonane skal utvikle kapasitet og komparative fortrinn på feltet. Tiltaket, Hardingfela.no, skal realiserast både ved å integrere hardingfeletradisjonen meir målretta og sterkare innafor eksisterande verksemd i eige institusjon, og gjennom å etablere ny verksemd i fellesskap. Økonomien for Hardingfela.no vil vere integrert i Hardanger og Voss museum og Ole Bull Akademiet sine budsjett og rekneskap. Hardingfela.no skal gjennomførast med 7,6 årsverk. Spelemenn og felebyggjarar er foreslått til 3 årsverk. Prosjektbudsjettet er på 6,3 mill. kr. Av denne summen er 4,5 mill. kr. tenkt finansiert gjennom kommunar og Hordaland fylkeskommune med til saman 40 prosent, og stat 60 prosent. Resten er eigne inntekter frå konserter og andre arrangement.

Rådet for Hardingfela.no

Samarbeidet i Hardingfela.no blir leia av eit felles råd. Rådet er Hardingfela.no sitt øvste faglege organ. Rådet skal ha møter etter behov, og minst fire gonger i året. Rådet blir leia av ein av partane på omgang med skifte kvart anna år. Ansvarer for fyrste periode skjer etter loddtrekking.

Rådet består av:

Leiar for Hardanger og Voss museum

Leiar for Ole Bull akademiet

Ein representant frå Hordaland fylkeskommune (fagleg oppnemnd)

Ein representant for utøvarmiljøet (Voss/Hardanger spelemannslag)

Rådet kan supplerast etter behov med ein fagperson oppnemnt av kvar av partane

Vurdering

Målsettinga er å ha ein levande, framtidsretta folkemusikktradisjon i vår tid, og at fleire skal kunna ta del i den kompetansen som knyter seg til denne rike tradisjonen, som musikkarar, dansarar og handverkarar. Nye grupper skal få oppleve tradisjonsmusikk, -dans og den kompetansen som høyrer til. Den kulturelle og faglege kvaliteten vert styrkja, både for utøvarar, tradisjonsberarar og publikum. Satsinga bør kombinere

materiell og immateriell kulturarv. Målgruppene for ei slik satsing er fleire, frå publikum, til folkemusikarar og fele- og instrumentmakarar, forskarar, elevar og studentar. Satsinga vil gje resultat knytt til samlingsforvalting, utøving, formidling, forsking og opplæring.

Fylkesrådmannen legg vekt på samanhengen med den satsinga Hordaland fylkeskommune gjennom åra har hatt innan folkemusikk, mellom anna gjennom fylkesmusikarordninga.

For Hordaland er hardingfeletradisjonar ein viktig del av fylket sin identitet, også utanfor fylket sine geografiske grenser. Musealt er hardingfeletradisjonane i dag ein del av Hardanger og Voss museum, avdeling Hardanger folkemuseum, si formidling. Ole Bull Akademiet gir undervisning i folkemusikk og folkedans. Hordaland fylkeskommune bidreg gjennom fylkesmusikarordninga i samarbeid med Ole Bull akademiet og Hardanger folkemuseum til å levandegjere og formidle hardingfeletradisjonane.

Ut frå målsettinga om å sikra heilskapleg satsing, effektiv organisering og gode og framtidsretta rammevilkår, meiner fylkesrådmannen at hardingfela.no, som er integrert i dei to institusjonane, har gode føresetnader for å lukkast i arbeidet med å ivareta og utvikla tradisjonane knytt til hardingfela og folkemusikken i Hordaland. Dei to institusjonane har gjennom fleire år bygd opp ein kompetanse som rettar seg heilskapleg mot feltet.

Fylkesrådmannen vil også peike på behovet nasjonalt for å sikre at desse tradisjonane vert ført vidare gjennom ei betre organisering og auka fokus. Det er ikkje nokon etablert institusjon i dag som har hardingfela som sitt fokusområde. På dette feltet har Hordaland fylkeskommune ei kulturpolitisk oppgåve. Fylkesrådmannen vurderer det slik at denne oppgåva er godt teke i vare ved å støtte tiltaket Hardingfela.no.

Konklusjon

Fylkesrådmannen ønskjer å styrke og sikre satsinga på materiell og immateriell kulturarv, som ei vidareføring av den satsinga Hordaland fylkeskommune har hatt for folkemusikken gjennom etablering av folkemusikkgruppa i 1991. Det er no viktig å støtte initiativ som har god forankring i tradisjons- og musikkmiljøa sjølv.

Ei vidare satsing på Hardingfela.no vil etter fylkesrådmannen si vurdering sikra ei meir heilskapleg og effektiv organisering av satsinga på folkemusikk, dans og handverkstradisjonar. Samstundes vil ein gjennom styrking av Hardingfela.no sikre at tradisjonane kan vidareførast. Fylkesrådmannen ser det derfor som føremålstøylen legg at kr 300.000 av dei løvvde midlane over post 400.735 vert tildelt som driftsstøtte til Hardingfela.no.

I dei seinare år har framveksten av unge lovande utøvarar inne tradisjonsmusikk og dans vore god. Det er likevel trond for å stimulera og understøtta denne tilveksten. Fylkesrådmannen ønskjer derfor å nytte kr 100.000 av dei avsette midlane til stipend. Fordeling av stipenda vert føreslått som følgjande: eitt folkemusikkstipend på kr 50.000 og to stipend à kr 25.000 øyremerkt unge utøvarar.

Kriteria for tildeling av stipenda vert føreslått samordna med retningslinjer for kunstnarstipend som vart handsame i utval for kultur, idrett og regional utvikling 10 mai:

8. For å få tildelt stipend må ein vere profesjonell utøvar busett i Hordaland. Det vert ikkje gitt støtte til personar som er under formell utdanning.
9. Stipenda vert fordelt slik:
 - c. eitt folkemusikkstipend kr 50.000
 - d. to stipend av kr 25.000 til unge utøvarar innan tradisjonsinstrument, vokal tradisjonsmusikk og folkedans
10. Stipenda vert tildelt ein gong årleg.
11. Rådet for Hardingfela.no vert rådgjevande fagkomité for stipenda og innstiller til fylkesrådmannen.

12. Fagkomitéen vurderer og innstiller på grunnlag av ei skjønnsmessig vurdering basert på kunstnarleg aktivitet og kvalitet.
13. Utval for kultur, idrett og regional utvikling fattar vedtak om tildeling av stipend.

Tidlegare vedtak om Hardingfela.no

I sak 116/15 2. juni 2015 handsama kultur og ressursutvalet saka om etablering av Hardingfela.no. I saka vart det mellom anna lagt vekt på følgjande:

«Ei satsing på tradisjonsuttrykk og hardingfele er i samsvar med Hordaland fylkeskommune si fylkesmusikarordning og fleire av tiltaka i regional plan for kultur. Prosjektet, med forprosjekt og hovudprosjekt, har fått midlar frå Hordaland fylkeskommune gjennom Kulturelt utviklingsprogram i 2011 med 425 000 kr. og museumsplanmidlar for 2013 med 300 000 kroner. Hordaland fylkeskommune, Kultur- og idrettsavdelinga, har vore representert i styringsgruppa for forprosjekt og hovudprosjekt»

Utvalet fatta følgjande vedtak:

Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 02.06.2015

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kultur- og ressursutvalet støttar innhaldet i prosjektrapporten *hardingfela.no* om ei satsing på hardingfeletradisjonar gjennom dei etablerte institusjonane Hardanger og Voss museum og Ole Bull Akademiet
2. Kultur- og ressursutvalet rår til at satsinga i fyrste omgang vert etablert som eit prøveprosjekt over ein periode på tre år med ei evaluering i god tid før utløp av prosjektpersonen.
3. Kultur- og ressursutvalet ønsker meir vekt på nyskaping i prosjektet som heilskap og strategi for å knytte til seg aktørar på samtidsmusikkfeltet.
4. Kultur- og ressursutvalet tek til etterretning at prosjektet føreset økonomiske bidrag frå Hordaland fylkeskommune, og vil komme attende til saka i samband med budsjettetthandsaminga.